



Arkivnr: 2015/12709-3
Saksbehandlar: Pål Andre Kleive

Saksframlegg

Saksgang

Uttal	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.2016

Godkjenning av tre prosjektrekneskap

Samandrag

Fylkestinget vedtok i 2013 at prosjekt med rekneskap som overstig 10 mill. kr skal ha ekstern revisjon og handsaming i kontrollutvalet. Deretter skal prosjektrekneskapane gjennom politisk handsaming. Prosjekt som har rekneskapsført mindre enn 10 mill. kr skal ha same prosedyre dersom rekneskapen avvik meir enn 10 % frå prosjektet sitt opphavlege budsjett.

Uttalen frå kontrollutvalet ligg ved denne saka frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet. Saka omhandlar prosjektrekneskap for:

Prosjekt 3191 Knarvik vgs – Kvernhusmyrane- oppgradering VVS. Prosjektkostnad 19 236 567 kr, mindreforbruk 63 433 kr eller -0,3 %.

Prosjekt 3210 Laksevåg vgs – inneklimateiltak. Prosjektkostnad 373 894 kr, mindreforbruk 651 106 kr eller – 63,5 %.

Prosjekt 3226 Askøy vgs – inneklimateiltak. Prosjektkostnad 743 115 kr, mindreforbruk 256 885 eller – 25,7 %.

Prosjektrekneskapa vart handsama i kontrollutvalet 21.06.2016. Uttale frå kontrollutvalet for prosjektet er vedlagt saka, og er også vist til i teksten under. I forkant av handsaminga i kontrollutvalet har Deloitte, gjennom revisjonsmeldingar, stadfesta at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av prosjektet, og at dei er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Fylkesrådmannen tilrår at dei framlagte prosjektrekneskapa vert godkjend.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner rekneskapet for prosjekta Knarvik vgs, Laksevåg vgs og Askøy vgs.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Kontrollutvalssak
- 2 Revisoruttalelser prosjektreknskaper
- 3 Oversyn tre prosjektrekneskaper
- 4 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03191 Knarvik vgs - Kvernhusmyrane - oppgradering VVS
- 5 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03191 Knarvik vgs - Kvernhusmyrane - oppgradering VVS
- 6 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03210 - Laksevåg vgs - inneklimateiltak
- 7 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03210 - Laksevåg vgs - inneklimateiltak
- 8 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03226 - Askøy vgs - inneklimateiltak
- 9 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03226 - Askøy vgs - inneklimateiltak

Fylkesrådmannen, 07.09.2016**Bakgrunn**

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Sak og uttale frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen. Sekretariatet har motteke revisjonsuttale frå Deloitte på dei avslutta prosjektrekneskapa:

Prosjekt 3191 Knarvik vgs – Kvernhusmyrane- oppgradering VVS

Prosjekt 3210 Laksevåg vgs – inneklimatiltak

Prosjekt 3226 Askøy vgs – inneklima

Deloitte har stadfesta at prosjektrekneskapa gjev eit rettvisande bilete av prosjektet, og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk. Ei oversikt over prosjekta er sett opp under;

Prosjektrekneskaper

Prosjektnr	Eining	Prosjektformål	Løyving	Rekneskap	Avvik	Avvik %
3191	Knarvik vgs - Kvernhusmyrane	Oppgradering VVS	kr 19 300 000	kr 19 236 567	kr 63 433	0,3 %
3210	Laksevåg vgs	Inneklimatiltak	kr 1 025 000	kr 373 894	kr 651 106	63,5 %
3210	Askøy vgs	Inneklimatiltak	kr 1 000 000	kr 743 115	kr 256 885	25,7 %

For alle prosjekta, som oversikta syner, er det eit mindreforbruk.

Prosjekt 3191 Knarvik vgs har eit mindreforbruk på 63 433 kr og prosjektet er altså i samsvar med løyvd ramme. Prosjekta 3210 Laksevåg vgs og 3210 Askøy vgs syner eit mindre forbruk på henholdsvis 651 106 kr og 256 885 kr, eller -63,5 % og -25,7 %. Felles for alle prosjekta er at dei faktiske kostnadane har vore vesentlig lågare enn dei kalkulerte kostnadane. Dette skyldast blant anna lågre anbud enn forutsatt og andre løysingar. For prosjekta Knarvik vgs og Laksevåg vgs har det teke om lag 4 år frå siste løyving vart gjeve til prosjektrekneskap er avlagt.

Kontrollutvalet

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale merkar seg at det for eit av desse prosjekta viser seg at ein har store avvik i høve løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok. Dette har kontrollutvalet også kommentert ved fleire høve i samband med tidlegare prosjektrekneskapar. Vidare tilrår sekretariatet at kontrollutvalet merkar seg at det for 2 av desse prosjekta har teke omlag 4 år frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt. Dette har utvalet også kommentert ved tidlegare prosjektrekneskapar. Kontrollutvalet bør tilrå at fylkesrådmannen vurderer om rutine på desse områda er gode og dekkande nok. Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Kontrollutvalet 21.06.2016 – sak PS 66/16 - vedtok følgjande framlegg til uttale samrøystes;

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev

eit rettvisebende bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk og tar konklusjonen til etterretning.

2. Utvalet har igjen merka seg at eit av prosjekta har store avvik i høve budsjett og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.

3. Vidare har utvalet merka seg at det for 2 av desse prosjekta har teke omlag 4 år frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt. Det kan difor vera grunn til å stille spørsmål ved om prosjektrekneskapane burde vore avlagt tidlegare

4. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen vurderer om rutinane når det gjeld kalkulering av prosjektkostnader og tidspunkt for avlegging av prosjektrekneskapane er gode og dekkande nok.

Avslutting av rekneskapane

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapa vert godkjend, og syner til at det er gjort tiltak som skal gjere at prosjektrekneskapane for framtida skal avsluttas og kome til politisk handsaming så tidlig som mogleg.